

[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)  
Haukeland universitetssjukehus  
Telefon: 05300

2023685 - Bergen Grafisk as - 11.15

# GYNEKOLOGISK POLIKLINIKK

MEDISINSK HEIMEABORT

## TIL DEG SOM SKAL TA MEDIKAMENTELL HEIMEABORT

Medikamentell abort blir gjort ved hjelp av tablettene Mifegyne og Cytotec. Mifegyne stoppar svangerskapet og Cytotec fører til at innhaldet i livmora blir støytt ut.

Den første tablett skal du ta på sjukehuset, og når den er teke kan du ikkje ombestemme deg. Du kan få litt blødingar og magesmerter dei neste dagane, men ikkje alle får det.

Dersom du ammar, anbefaler vi å ikkje amme dei tre første dagane etter inntak av Mifegyne.

Nokon kan oppleve å abortere som følgje av Mifegyne. Dersom det skjer, skal du ta kontakt med Gynekologisk avdeling.

Bruk bind dersom du får blødingar desse to dagane, ikkje tampong. Om du har behov for smertestillande medikament, vil vi anbefale deg å bruke Paracet, Paracetamol, Panodil, Pinex, Pinex Forte eller Diclofenac / Voltaren.

**Du har i dag ..... fått Mifegyne på Gynekologisk poliklinikk/Seksjon for generell gynekologi 3 etasje, KK kl 10.**

Om to dagar skal du sjølv, ved hjelp av tablettene vi har sendt med deg, fullføre aborten heime.

**Frå poliklinikken har du fått med deg desse medikamenta for bruk heime:**

Tablettar som skal setjast i skjeden: Cytotec 0,2mg, 4 tablettar + 2 ekstra.

Smertestillande som skal svelgjast: Paracet 500 mg, 6 tablettar.

Smertestillande som skal svelgjast: Diclofenac 50 mg, 4 tablettar.

Kvalmestillande som skal svelgjast: Afipran 10 mg, 3 tablettar.

..... **skal du fullføre aborten heime.**

Du skal ikkje vere åleine, men må ha pårørande hos deg (kjærast, ven, familie).

Start med å late vatnet slik at blæra er tom.

Sett 4 tablettar Cytotec i skjeden kl. 08.30. Desse skal du setje så langt opp i skjeden som du klarer. Svelg deretter 2 Paracet, 2 Diclofenac og 1 Afipran.

Du kan ete og drikke som du vil, og leve så normalt som mogleg. Det er ein fordel å halde seg i aktivitet, då dette kan få fortgang i prosessen. Aktivitet kan også lindre smerte, det kan òg hjelpe med ei varmeflaske mot smerte.

Det er vanleg at det tek 4-6 timar frå du set Cytotec i skjeden, til du har abortert. Dersom du ikkje har abortert etter **3 timar** legg du dei 2 ekstra tablettene med Cytotec under tunga.

Du kan få sterke menstruasjonssmerter, spesielt når kroppen er i ferd med å støyte ut innhaldet i livmora. Det er også normalt at du får bløding med blodklumpar, såkalla koagel-bløding, og du må vere førebudd på å blø kraftigare enn ved ein vanleg menstruasjon.

Vanlegvis har du nok smertestillande med dei tablettene du allereie har teke. Etter 3-4 timar kan du ta nye smertestillande dersom du har behov for det. Då tar du 2 tablettar Paracet og 1 tablett Diclofenac.

Du skal ikkje køyre bil denne dagen fordi du har brukt sterke smertestillande medikament.

**Etter aborten bør du vere oppmerksom på følgjande:**

- Menstruasjonsliknande mørk bløding og utflod kan førekomme inntil 4 veker etter aborten.
- Samleie og karbad bør du unngå så lenge du blør.
- Smerter som ved menstruasjon kan førekomme.
- Menstruasjonen kjem vanlegvis tilbake 4-6 veker etter aborten. Den første menstruasjonen er ofte kraftigare og meir langvarig enn den vanlegvis er.
- Dersom du skal starte med p-piller, kan du starte om kvelden du fullfører aborten eller morgonen etter.
- Ein graviditetstest kan gi positivt resultat i opptil 3-4 veker etter aborten.

**Ta kontakt med lege dersom du:**

- Ikkje har abortert innan 24 timar frå du har teke Cytotec
- Blør meir 6 nattbind på 2 timar
- Har kraftig bløding med klumpar i meir enn 14 dagar
- Har blødingar som varar meir enn 28 dagar
- Har smerter som varar meir enn 14 dagar
- Får feber (temperatur over 38 grader)

**Etterkontroll**

Du har fått med deg ein graviditetstest. Du skal sjølv kontrollere at denne er negativ 28 dagar etter inntak av Mifegyne.

Dersom graviditetstesten er positiv, skal du gå til fastlegen din og ta ein blodprøve (serum HcG). Prøven måler nivået av svangerskaphormon i blodet ditt og fortel oss om behandlinga har vore vellukka. Den vil også kunne avdekke eventuelle komplikasjonar / utilstrekkeleg behandling, som fastlegen din vil følgje opp.

Det er viktig at du tar denne graviditetstesten. Dersom du ikkje gjør det, er dette på eige ansvar.

**Du kan ta kontakt med Kvinneklubben:**

Tlf.: 55 97 42 21 (heile døgnet)  
eller for endring/ avbestille time:  
Tlf.: 55 97 43 15 (dagtid)

**Vennleg helsing**

Personalet ved Gynekologisk poliklinikk og Gynekologisk avdeling.